

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 08.04.2016

Vår ref.: 201001302-17

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Tord Solvang

22959248/toso@nve.no

Clemens Kraft AS — Søknad om løyve til å byggje Eikeelva kraftverk i Haram kommune i Møre og Romsdal — høyring

NVE har motteke ein søknad frå Clemens Kraft AS, datert 19.2.2016, om løyve til å byggje Eikeelva kraftverk i Haram kommune.

Kraftverket vil nytte eit fall på 308,5 høgdemeter i Eikeelva, frå inntaket på 344,5 moh til kraftstasjonen på 36 moh. Vassvegen vil bli 1600 m lang og nedgraven i grøft. Det skal byggjast 200 m permanent veg til inntaket frå eksisterande veg. I tillegg vert det behov for midlertidig anleggsveg langs røyrkata. Middelvassføringa er berekna til 310 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 620 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,6 MW, og vil etter planane produsere om lag 4,9 GWh årleg. Det er planlagt ei minstevassføring på 8 l/s heile året.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Eikeelva med tilhørande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover». Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Haram kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på servicetorget i rådhuset i Haram kommune fram til **30.5.2016**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **30.5.2016**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Tord Solvang
avdelingsingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Kopi av kunngjering
 Orientering til høyringspartane
 Papirversjon av søknaden (berre til kommunen)

Mottakerliste:

Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Haram kommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
Norges Jeger og Fiskerforbund, Møre og Romsdal
Norges Miljøvernforbund
Rauma Eik AS
Statens vegvesen - Region midt
Ålesund-Sunnmøre Turisforening

Kopi til:

Clemens Kraft AS